

PRØVEFISKERESULTAT - BESSEVATN, 14.08.2006.


Omtale av vatnet:

- Areal 28,4 ha, hoh. 1302 m.
- Vatnet har gode gyte- og oppvekstmoglegheiter.

Omtale av fangsten og fisket:

- Vatnet vart prøvefiska ei natt med 2 W. Jensen prøvegarnserier.
- Samla fangst var 112 fisk, største fisk 347 g.
- Vatnet er tidlegare prøvefiska i 1986, 1990, 1995 og 2001.
- Det har ikkje vore satt ut fisk i vatnet sidan 1980.
- Gjennomsnittleg K-faktor var 0,91, i 2001 var den 0,93.
- Gjennomsnittsvekta var 123 g, i 2001 var den 134 g.
- Minste ho gytefisk var 26,8 cm.
- Delen fisk med raud kjøtfarge var som følgjer i % fordelt på 6 cm lengdegrupper;

Kjøttfarge	Under 13-19			19-25			25-31			31-37			37-over 40		
	H	LR	R	H	LR	R	H	LR	R	H	LR	R	H	LR	R
1995	100	0	0	69	31	0	0	64	36	0	38	62	0	33	67
2001	100	0	0	60	35	5	6	28	66	0	0	100	0	0	100
2006	94	6	0	77	21	2	3	53	44	0	0	100			



Garnfiskeresultat:

År	Samla uttak i kg	Snittvekt i kg	Tynningsfiske del av uttak	Garndøgn	Areal i ha	Uttak kg/ha
2002	113,2	0,212	108,7	202	28,4	3,9
2003	56,2	0,123	56,2	136	"	1,9
2004	65	0,165	65	142	"	2,3
2005	108	0,177	105	275	"	3,8
2006	26,4	0,208	0	2	"	0,9

Konklusjonar:

- Delen småfisk er stabil, vatnet har god rekruttering.
- Fordelinga i fiskestamma er god, men kvaliteten tyder på at det totalt er for mykje fisk.
- Uttaket med garnfiske i åra 2002-2005 har resultert i ei ung fiskestamma.
- Delen av fangsten som har farge i kjøtet har auka, dette tyder på betre forhold mellom fiskemengde og næringstilgang.

Tiltak:

- Vidareføring av tynningsfiske er naudsynt for å betra kvaliteten. Fiske på aure når den vert gyter, ca 26-30 cm, kombinert med tynning av ungfisk gjev best resultat.
- Tynningsfiske bør skje i juli med likt tal garn av 26 mm og 21 mm.
- Småfisk brukt som setjefisk i Nordmannslågen er ein ressurs. Produksjon av setjefisk i anlegg er omstendeleig og kostbart etter dei nye reglane. Stamfisk må fangast på hausten, befrukta rogn/stamfisk må fraktast ned til setjefiskanlegget på Rødberg. Setjefisk vert kjøpt året etter frå anlegget.
- Fjellstyret bør vurdera bruk av villfisk som setjefisk nærare. Dette kan i tillegg redusera behovet for tynningsfiske.